



Che Guevara lever vidare på denne t-skjorta

Det skjer så mangt under ein festival som ikkje når fram til det som så høgtideleg vert kalla offentlegheitens ljós. Likevel kan det vera viktig nok og ha store perspektivar. Difor startar vi med eit døme frå politikken.

Og då siktar vi verkeleg til storpolitikken for den ryggen vi har bilete av inneheld eit mylder av portrettar av revolusjonshelten Che Guevara. Mannen som ber t-skjorta har kjøpt ho på Cuba og han er ein framtrédande lokalpolitikar. Han opplysar til uskedalen.no at han nyttar skjorta berre ved spesielle høve. Fleire opplysningar kjem ikkje frå oss, for no overlet vi til lesarane å finna svaret. Send oss gjerne ein rask mail!

Det vart ein elektrisk dag i meir enn ein forstand. For elektrisk for helikoptertrafikk og først utpå ettermiddagen var helikopteret i lufta. Det var også eit sjøfly som Noreq hadde stor suksess med under direktesendinga frå NRK-båten. No hadde det eit anna oppdrag, det skulle visa ei gruppe på 4 Folgefonnhalvøya etterat den hadde vunne ei tevling på Facebook. Og difor fekk Joakim Myklebust, Jarle Bruntveit, Elin Enes Bondhus og Åse Hjetland Bringedal ei luftig og til tider turbulent oppleving.

Det var eit internasjonalt sus over festivalen og då siktar vi ikkje berre til den politiske skjorta eller det faktum at band frå 3 land spela. Vi siktar til det imponerande ølutvalet frå heile verda, 11 i talet. Det vart tydelegvis også ein suksess, for relativt tidleg på kvelden inneheldt kjøleskapet berre dei 2 irske sortane. Vi traff ingen som gjennomførte test av alle 11. I så fall ville dei nok ha avsluttafestivalen for tidleg. Men vi finn grunn til å berømme arrangøren for BIERSTUBE.

Det er også grunn til å berømme den stuttreste maten, til dømes burgaren av Herefordkalvane til Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland. Men det neste steget må vel bli at kalvane får beita på sjølve arenaen før dei vert omskapt til burgarar? Meir stuttrest mat vil det neppe vera mogeleg å produsera.

Det frivillige som var vertar (vakter) fredag og lørdag fekk godt stell! Av mat fekk dei både knakande god betasuppe og eta så mykje hotdog dei klarte i tillegg til brød, rikeleg med pålegg og salatar. Kaffi og kaldt drikke, og nypoppa popcorn. I tillegg gjekk Solskinspatruljen rundt og delte ut kaffi, mineralvatn og godteri til vaktpostane!

Så kjem vi sjølv sagt ikkje utanom veret. Regnet var trugande under store deler av Festidalen. Det var særleg lørdag førmiddag og utover det ausa ned. Verobservatør Kurt Haugland i Korsnes kan fortelja at det i timane frå kl.09.30 til ca. kl.15 kom det heile 54 mm. Dei kraftigaste bygene var usedvanleg sterke. Rundt kl.12 var støta så sterke at om det hadde regna slik berre **1 time**, hadde det gjeve 144 mm. Det er uvanleg!! Trass i alt regnet og tilhøyrande truande skyer, vart begge kveldskonsertane avvikla omtrent regnfritt!

Det svinga og av temperaturane under Festidalen. Max. temperaturen fredag var heile 28.8 grader, medan minimumstemperaturen var ca. 14. Lørdag var tilsvarande målingar 24,6 og 15,2 grader.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen